



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Ulstein rådhus  
**Dato:** 14.11.2018  
**Tid:** 10:00 - 13:00

### Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Karin Ertesvåg	Medlem	Ulstein Pensjonistlag
Eli Skaatun	Nestleiar	Vestre Sunnmøre lokallag for NFU (Norsk forbund for menneske med psykisk utviklingshemning)
Ottar Kaldhol	Leiar	Ulstein kommunestyre
Roar Øvrebøe	Medlem	HLF – Hørselshemmedes Landsforbund
Inger Marie Kleiven	Medlem	Ulstein/Hatlø Pensjonistlag

### Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Anne Karin Dalehamn	MEDL	Ulstein Pensjonistlag
Janlaug Dimmen	MEDL	Ulstein Revmatikarlag

### Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Sigurd Bjørn Ertesvåg	Janlaug Dimmen	HLF – Hørselshemmedes Landsforbund
Synnøve Breivik	Anne Karin Dalehamn	Ulstein Pensjonistlag

### Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Steinar Nummedal	Økonomileiar
Marit Botnen	Kommunalsjef omsorg
Kari Marie Øvrebøe	Utvalssekretær

### Permisjonar/Ugildskap

Sigurd Bjørn Ertesvåg fekk permisjon kl. 12. Han deltok i orienteringane, men ikkje i handsaming av sakene.

# SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
PS 18/32	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 18/33	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 18/34	MELDINGSSAKER	
RS 18/10	NEDBEMANNING I ULSTEIN - UTTALE FRÅ MARITA SIV PEDERSEN	2018/182
PS 18/35	STATLEG SIKRING AV FRILUFTSOMRÅDE I ULSTEIN	2018/1309
PS 18/36	ØKONOMIPLAN 2019 - 2022	2018/1645

## ORIENTERING:

- Hildegunn Utgård, prosjektleiar, orienterte om velferdsteknologi.
- Kommunalsjef omsorg, Marit Botnen, orienterte om TV- og internetttilbodet i kommunale omsorgsbustadar. Administrasjonen arbeider med å få på plass tenlege løysingar for bebuarane.
- Kommunalsjef omsorg, Marit Botnen, orienterte om mat og medisinerings i offentleg sektor.
- Økonomileiar Steinar Nummedal orienterte om økonomiplan 2019-2022.

Ulsteinvik, 14.11.2018

Ottar Kaldhol  
Leiar

Kari Marie Øvrebø  
Utvallssekretær

Inger-Marie Kleiven

Karin Ertesvåg

## **PS 18/32 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Vedtak i fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 14.11.2018:**

Innkallinga og saklista vert godkjende, med denne tilleggssaka:

RS 18/11 *Melding om vedtak – Ny behandling av sak om handheving og skilting av parkeringsplassar for rørslehemma*

#### **Handsaming:**

Dokumentet vart ettersendt på e-post til medlemmane, samt lagt fram i møtet.

## **PS 18/33 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE**

### **Vedtak i fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 14.11.2018:**

Protokollen frå møtet 02.10.2018 vert godkjend.

## **PS 18/34 MELDINGSSAKER**

### **Vedtak i fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 14.11.2018:**

Fellesrådet tek meldingssakene til vitende.

RS 18/10 NEDBEMANNING I ULSTEIN - UTTALE FRÅ MARITA SIV PEDERSEN

RS 18/11 MELDING OM VEDTAK - NY BEHANDLING AV SAK OM HANDHEVING OG SKILTING AV PARKERINGSPLASSAR FOR RØRSLEHEMMA

## **PS 18/35 STATLEG SIKRING AV FRILUFTSOMRÅDE I ULSTEIN**

### **Uttale frå fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 14.11.2018:**

Fellesrådet sluttar seg til tilrådinga frå rådmannen.

Fellesrådet vil vidare peike på at sikring av viktige område for friluftsliv vil vere gunstig for folkehelse og miljø. Ved å ivareta og tilrettelegge desse områda betre, med satsting på universell utforming, vil fleire kunne nytte dei til helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennlege aktivitetar.

### **Handsaming:**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Det vert jobba vidare med å få statleg sikra dei to friluftsområda Osnessanden og Bugardsmyrane.

#### **Fellesframlegg:**

Fellesrådet sluttar seg til tilrådinga frå rådmannen.

Fellesrådet vil vidare peike på at sikring av viktige område for friluftsliv vil vere gunstig for folkehelse og miljø. Ved å ivareta og tilrettelegge desse områda betre, med satsting på universell utforming, vil fleire kunne nytte dei til helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennlege aktivitetar.

#### **Røysting:**

Fellesrådet sitt fellesframlegg vart vedteke med 6 mot 0 røysting.

## **PS 18/36 ØKONOMIPLAN 2019 - 2022**

### **Uttale frå fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 14.11.2018:**

Fellesrådet viser til rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2019-2022 og budsjett 2019.

Fellesrådet ønskjer at ikkje-prioriterte nye driftstiltak vert prioritert i følgjande rekkefølge:

1. Tiltakspunkt 2.1.26 *Støttekontakt*
2. Tiltakspunkt 2.1.25 *Stilling rus/psykiatritenestene*
3. Tiltakspunkt 2.1.10 *Avlasting barn og unge inkl. hjelpemiddel*
4. Tiltakspunkt 2.1.13 *Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) - auke av ressursar*
5. Tiltakspunkt 2.1.8 *Auka budsjett på vaskeriet*

Fellesrådet ønskjer at følgjande ikkje-prioritert investeringstiltak vert prioritert:

1. Tiltakspunkt 3.2.5 *Arbeidslivsfag og friluftslivområde*

Fellesrådet er tilfreds med den auka ramma til eit meir realistisk budsjett for helse og omsorg.

Fellesrådet oppmodar at kommunen tek kontakt med sentrale myndigheiter for å få endra ordbruken om ressurskrevjande brukarar og sortering på diagnose i offentlege dokument, til dømes bruken av omgrepet PU.

### **Handsaming:**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

1. Rådmann sitt framlegg til økonomiplan 2019 – 2022 og budsjett 2019 vert vedteke slik det går fram av rådmannen sitt framlegg, med følgjande endringar:

-  
-

Dette gir slikt oppsett i skjema 1a/b og 2a/b:

(vert klipt inn ved endeleg vedtak)

2. Ulstein kommune godkjenner eit låneopptak på kr. \*\*, -

Kommunestyret godkjenner låneporteføljen til Ulstein kommune, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansieringar i budsjettåret 2019.

### **Fellesframlegg:**

Fellesrådet viser til rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2019-2022 og budsjett 2019.

Fellesrådet ønskjer at ikkje-prioriterte nye driftstiltak vert prioritert i følgjande rekkefølge:

1. Tiltakspunkt 2.1.26 *Støttekontakt*
2. Tiltakspunkt 2.1.25 *Stilling rus/psykiatritenestene*
3. Tiltakspunkt 2.1.10 *Avlasting barn og unge inkl. hjelpemiddel*
4. Tiltakspunkt 2.1.13 *Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) - auke av ressursar*

5. Tiltakspunkt 2.1.8 *Auka budsjett på vaskeriet*

Fellesrådet ønsker at følgende ikkje-prioritert investeringstiltak vert prioritert:

1. Tiltakspunkt 3.2.5 *Arbeidslivsfag og friluftslivområde*

Fellesrådet er tilfreds med den auka ramma til eit meir realistisk budsjett for helse og omsorg.

Fellesrådet oppmodar at kommunen tek kontakt med sentrale myndigheiter for å få endra ordbruken om ressurskrevjande brukarar og sortering på diagnose i offentlege dokument, til dømes bruken av omgrepet PU.

**Røysting:**

Fellesrådet sitt fellesframlegg vart vedteke med 6 mot 0 røyster.

-----o-----

Lenke vert sendt til:

1. Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
2. Rådmannen
3. Servicetorget
4. Kommunerevisjonen
5. Vest Kontroll v/Jostein Støylen
6. Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune  
Avdeling for demokrati og kommunikasjon  
14.11.2018

Kari Marie Øvrebøe